



31.10.11

Ønsker å kjøpe hus i Uskedalen!!!!!!!!!!!!!!

Familie på 4 ønsker å kjøpe hus sentralt i Uskedalen.

Vi ønsker hovedsaklig å bosette oss i området Geilo, Halsabråtet eller Korsneset.

Britt og Kenneth Stensletten har førebels ikkje lukkast

Omsetnaden av hus i Uskedalen er tradisjonelt noko treg og her kjem eit døme.
 Gunnar og Edith Kjærland har framleis ikkje fått seld eigedomen Sjølyst på Feet.
 Britt og Kenneth Steinsletten har framleis ikkje fått kjøpt huset dei ynskjer seg.
 Kva er det som hindrar eit sal i dette tilfellet?
 Prisen står sentralt. Kjærland har gått ned 300 000 til 3,3 millioner
 Steinsletten kan tenkja seg å betala maksimalt 2,6 for eit hus.

Kjærlands eigedom Sjølyst har no vore til sals sidan i august men det er tydelegvis problematisk å finna nokon som vil betala over 3 millionar for eit hus her i bygda sjølv om det vil vera for over 4 mål og for 2 tomter.

Stensletten-paret leiger i området Steinsletten/Ytre Eik men ynskjer å flytta på den andre sida av brua og då helst til Geilo, Korsnes eller Halsabrotet.

Dei har no i lengre tid annonsert på tavler i sentrum og har hatt ein viss respons. Men tilboda har mellom anna vore i området der dei bur no og prisane har og vore eit negativt element.

Ekteparet strekar under at det i og for seg ikkje haster og at Ospelunden kan bli løysinga hvis det ikkje dukkar opp noko anna med det aller første.

uskedalen.no har vore i kontakt med fleire som ventar med lengsel på Ospelunden og Halsabrotet. Ein er no godt på tur med begge, som samla er den største tomteressurs i kommunen for tida.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Gunnar Kjærland har førebels ikkje lukkast